

nr. 1 - 2009

PIRION

- kulturavis for barnehagar og skular



LEIK OG LÆRING PÅ SVERRESBORG

Kven har sagt at det må moderne leiker til for å underhalde dei små? Ved Sverresborg Museum i Trøndelag inkluderer ein like gjerne ungene i alt frå svelebakst til skigard-bygging.

TEKST: IREN HOPE RØNHOVDE

FRILUFTSOPPLEVINGAR

på Byåsen i Trondheim ligg ein stor, moderne bygning i tre og glas. Innanfor dørene fins eit luftig lokale som kombinerer resepsjon, butikk og kafe. Bak butikken finn me Kreativt Verksted, eit rom der spedbarn og foreldre møtest til allsang to dagar i veka. På motsatt side finn me eit auditorium og inngangen til Sverresborg Museum si faste utstilling. Men for å oppleve det mest spennande, må me ut i friluft.

På baksida av det snart ti år gamle bygget ligg Trøndelag Folkemuseum; eit område som strekk seg over 150 dekar og inneheld fleire gardar frå 1700- og 1800-talet. Ein heil «gamleby» har fått plass innanfor museumsgransene, det står dessutan ein sjarmerande gammal skulebygning her. I sommarhalvåret opnar kolonialen for dei besøkande og fristar

med tradisjonsrikt sukkertøy. Samstundes ferierer griser, høns, sauer, kyr og kaniner i dei grøne omgjevningane.

VINTERLAND

Den dagen Pirion si utsending besøkjer staden, er det vinter. Nysnøen er kun nokre timar gammal, og det er fem veker til julaftan. Saman med avdelingsleier Ann Siri Hegseth Garberg pesar eg meg oppover bakkane frå museet sin hovudbygning til Meråker-garden Nesset. I dag er det open barnehage, og ti-tolv smårollingar kosar seg på tunet utanfor den vesle stova. Årets første snømann blir laga, komplett med raudbrunt kvisthår og haustblad som dekorasjon. Lyse, frydefulle kvin seglar gjennom lufta: Dette er toppen av lukke!

Inni stova har Kjerstin Myren Bjelland fått eld i den kvitmala peisen. Det knitrar godt. Bjelland er tidsriktig kledd i stakk og sjal. Ho ventar på at borna skal koma inn, for då skal dei syngje, danse og ete matpakkene sine. Vanligvis byr ein på tradisjonskost laga med dei små som medhjelparar, men novemberkulda har ført til sjukdom i museumsstaben. Derfor blir det brødsriver i dag. Når eg spør kva dei har hatt på menyen tidlegare, er det sveler og komler som blir nemnt først.

FRITT FRAM!

Her på Nesset er det fritt fram for både å sjå og røre. Gjenstandane i huset er anten gamle bruksting eller reproduksjonar av dette, men alt kan nyttast. I ein krok står ei gammal seng, og ved sida av ho ei symaskin som har tilhøyrt formidlingsleiar Garberg si eiga slekt. Ull og garnnøster blir oppbevara i små korgar, og kven som vil kan kare. På motsatt side av senga kan ungane flokke seg rundt ei kiste med eit heilt spesielt innhald: dusinvis av heimelaga dokker og bamsar. På det malte tregolvvet er det lagt nokre skinnfellar som er mjuke og varme å sitje på.

Etter ei lita stund kjem borna inn. Dei tilhøyrrer tre familiebarnehager i nærleiken som pleier å reise hit kvar veke for sosialt samvær, kulturopplevingar og kos. Bjelland samlar troppane og drar i gang ein musikkseanse. Borna, mange av dei har nyleg lært å gå, deltar aktivt i sang og klapping. Dei går i ring og heng med så godt dei kan, til orda *Du halling, du halling, nå må du spise mykje graut, med honning, med honning, så vert du sterk og staut.*

KULTURELL KAPITAL

Førskulelærarane Bente Rodahl og Hege Strømsem er ivrige brukarar av museet sine tenester. Rodahl forklarar at dei kjem for å gi borna ein smak av gammal



Orno Makridis, Trøndelag Folkemuseum



SVENSK-NORSK PILOTPROSJEKT

Sverresborg Museum samarbeidar med Jämtland Läns Museum i Østersund om ei ny førskulelærerutdanning med eit langt breiare fokus på kulturformidling. I skrivande stund ventar dei på svar frå EU. Dersom søknaden blir godtatt, kan det vere mogleg å søkje på den nye utdanninga allereie i år. Utdanninga vil verte lagd til til Dronning Mauds Minne i Trondheim. Skilnaden mellom den tradisjonelle førskulelærerutdanninga og det norsk-svenske pilotprosjektet er at mykje meir av pensum vil omhandle barnekultur, historie og kulturformidling. Museumsfolk vil kunne gå inn som førelesarar med sin unike kompetanse på feltet. Opptakskrava og andre krav vil vere dei same som ved den ordinære utdanninga.

**SULLA MEG LITT, DU MAMMA MI
VIL DU HA SNØRER I TRØYA DI?
VIL DU HA GULE, VIL DU HA BLÅ?
VIL DU HA GRØNE SKA' DU DET FÅ
I TRØYA DI, DU MAMMA MI**

kultur. Nettet gard formidlar dette på ein utmerka måte slik at førskulelærarane slepp å sette seg inn i alt på eiga hand. Strømsem understrekar at det er viktig å få oppleve kulturen i praksis, i staden for berre å bli fortalt om han. Mange av museet sine tilsette er utdanna skodespeararar eller har studert historie, og er derfor godt kvalifiserte til denne typen formidlingsarbeid.

På Sverresborg er det eit utal aktivitetstilbod. Ein kan til dømes setje av heile dagen til aking i den fine bakken på området, dersom friluftsgleder ein dag skulle freiste meir enn baking, karing og sang. Ordet «skjørtkant-pedagogikk» blir nemnt, noko som er eit godt bilete: I tidlegare tider var borna meir involverte i det daglege livet. Dei hang i skjorta på mor. I dag er dei fleste borna i barnehagen, og då er det viktig å ta vare på tradisjonane og sørgje for at kulturarva framleis vil møte forståing i generasjonane framover.

GJENBRUK OG VERDIAR


Over ein kopp kaffi i museumskafeen Bagle fortel Garberg at ungene synest det er spennande med «gamledager». For dei er det ei ny verd som opnar seg. Tidlegare

har ho lagt merke til at leiketøysutstillinga som museet har hatt, har ført barneborn og besteforeldre saman. Borna synest det er morosamt å sjå kva folk leika med tidleg på 1900-talet, og for besteforeldrene er det stor gjensynsglede knytta til dei kjende og kjære gjenstandane frå ei svunnen tid. Men Garberg peiker også på noko anna: Gjennom å formidle hundre år gammel kultur inviterer ein dei vaksne til å snakke meir med borna sine om korleis det var å vekse opp før i tida.

I tråd med dette fører Sverresborg ei klar gjenbrukslinje. På gardane vert typiske leiker erstatta med handverks- og kjøkkenutstyr, og ungene saknar ikkje Playstation. Dei elsker å få delta, å få vere med å skape noko. Til sommaren blir det nye omgangar med kongledyr-, barkebåt- og kjepphest-produksjon, og borna deltar i alle kvardagsoppgåver: Dei sår poteter, ber ved og hentar vatn, snekrar, byggjer skigard, matar dyra og hoppar i høyet. Moralen er tydeleg: Gleden treng ikkje å koste mykje, og born veks på å få delta i daglege gjeremål. Dessutan ligg det uvurderlige skattar i å sjå verdien i gamle ting, og i staden hive bruk og kast-mentaliteten på dynga.

**SOA ROA BANE
GRYTA HENG I JARNET
KØK EN LITEN RØMMEGRAUT
ÅT DET VESLE BARNET
SOA ROA ROA, SOA ROA ROA
SOA ROA ROA, SOA ROA BANE**






Vi har fått ny nettside!
www.pirion.no

PIT PARION

Bøker til bursdag



TRUDE HOEL ER:

universitetslektor ved
Nasjonalt senter for
leseopplæring og lese-
forskning, Lesesenteret,
ved Universitetet
i Stavanger

Bøker er alltid ei god gave

Me liker å gje bokgaver. Bøker gjev gode leseopplevingar, gode minner, og dei varer lenger enn plastleiker. Ein annan god og viktig grunn til å gje ungar bokgaver, er at leseglede og leselyst er noko

ungar lærer av kvarandre. Når ungar får høyra om andre sine gode opplevingar, får dei lyst på det same. Dette gjeld óg for lesing. Ideelt sett er dermed bøker til bursdag eit perfekt høve til å dela både gode leseopplevingar og leselyst med andre ungar. I praksis skjer dette sjeldan. Og det er ikkje fordi ungane ikkje har lese gode bøker. Nei, det er fordi barnebøker er for dyre. Ei ny norsk biletbok kostar gjerne rundt 200 kroner. Det er altså svært uvanleg at ungar gjev bokgaver til kvarandre. Men det er ikkje umogeleg.

Eg har funne eit smutthol! Når mine ungar skal i bursdag, gjev dei gjerne bokgaver handla inn til sterkt reduserte prisar. Anten handlar eg barnebøker på sal, eller eg handlar gode barnebøker brukt. Å handla brukt er dessutan miljøvennleg. Når eg finn gode bøker til ein akseptabel gavepris, kjøper eg alle.

Nå vil kanskje nokon meina at det ikkje er god folkeskikk å gje vekk gaver som ikkje kan bytast, for det er ikkje mogeleg å byta inn gaver som er handla på sal eller som er handla brukt. Men viss bursdagsbarnet har boka frå før, så kan ho eller han gje boka vidare til eit anna barn og halda fram med å dela leseopplevingar og leselyst. Bøker blir ikkje dårlegare av at dei er brukte. Og dersom boka er godt brukt, er det kanskje eit teikn på at ungane elsker ho.

Korleis skapar me ein kulturbarnehage?

OM KURSET

Kulturavisa Pirion tilbyr kurs i kulturformidling for tilsette i arnehage og småskule og elles andre som arbeider med små barn.

Kurset skal vere med å bevisstgjera dei vaksne

på kva kultur ein ønskjer å formidle og syne korleis den lokale kulturen og historia er eit godt grunnlag for

dette. Samstundes blir det praktiske øvingar som dei vaksne kan ta med seg i sitt vidare arbeid.

Pirionkurset passar for både små og store grupper. Kurset varar mellom 6 og 8 timar.

OM PIRION

Stiftinga Pirion gir ut kulturavisa Pirion åtte gonger i året. Me bidreg og fast til Fagbladet, seksjon kyrkje, kultur og oppvekst, åtte gonger årleg.

Pirionkursa er eit tilbod me har til alle, heilt uavhengig av abonnement.

OM KURSHALDARANE

Kurshaldarane våre har brei erfaring frå folkemusikk, forteljarstudium, kulturskule og kulturliv generelt.

KONTAKT:

Vil du tinga kurs eller få meir informasjon, ta kontakt med Astrid Eidhammer Hjelmeland: tlf: 52 79 04 84 / 97 19 47 88 (måndag og tysdag mellom 9 og 15) epost: pirion@norsk-plan.no

PiRion-kurs

Ole Brum,
Ola Tveiten eller Barbie,
kor hentar barna
opplevingar frå?

PiRion

Tips oss på pirion@norsk-plan.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no